

Lindås kommune  
V/planavdelinga  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Dykkar ref:  
14/1897 (arkivsak)  
  
Gjervik 19.10.2015

**Søknad om nedsetjing av gebyr for handsaming av reguleringsplan Kubbaleitet.**

Me viser til tilsendt fakturanr. 61011997 med underlag, totalt kr. 170.000,-

Kommunen har i sitt gebyrregulativ pkt. 4.12 Søknad om redusert gebyr skreve: *Når særlege grunnar ligg føre kan det søkjast om redusert gebyr. Søknad om redusert gebyr skal være grunngjeven.*

**Vi søkjer om nedsetjing av gebyr med 25% kr. 42.500,- til kr. 127.500,-**

**Grunngjeving**

Det er utarbeidd ei eiga forskrift om gebyr for plansaker: *Forskrift om tidsfrister, og sanksjoner ved overskridelse av fristene, for private forslag til detaljregulering etter § 12-11 i plan- og bygningsloven*

Forskrifta utdjuvar plan- og bygningslova §12-11 sine fristar for planhandsaming på 12 veker og gjev føringar for reduksjon av gebyr. Her heiter det i § 2. *Dersom kommunen har fastsatt gebyr i medhold av plan- og bygningsloven § 33-1 for behandling av private forslag til detaljregulering, skal kommunen ved overskridelse av fristen etter denne forskrift § 1 tilbakebetale forslagsstillar 10 % av det totale gebyret for hver påbegynt uke fristen overskrides i inntil 10 uker.*

Frist for handsaming av reguleringsplan er 12 veker frå innsendt plan.  
Våre undersøkingar viser (jf. reglane i §1. )

Innsendt plan:	20.05.2014 (veke 21)
<u>Vedteken plan PMU</u>	<u>30.10.2014 (veke 44)</u>
Sum veker	23 veker (+3 dagar)

Fråtrekk feilretting	
etter mottaskontroll	15.09.2014 (veke 38)
<u>innsendt retting</u>	<u>13.10.2014 (veke 42)</u>
Sum veker til feilretting	4 veker

Ein står då att med (23-4) =	19 veker
<u>Krav i pbl</u>	<u>12 veker handsaming</u>

<u>Overskriding vert då</u>	<u>7 veker (+3 dagar)</u>
-----------------------------	---------------------------

Ei overskriding på 7 veker tilseier ein reduksjon på 70 %, som utgjer 119.000,-, totalt gebyr vert då på kr. 51.000,-.

### Våre vurderingar.

Vi er godt nøgd med det arbeidet planavdelinga har hatt i denne saka, og vil særskild trekkje fram vår sakshandsamar som lyt vere eit førebilete for kommunen i høve kort respons, god dialog og tett samarbeid i høve dei sakene som har kome opp i denne planen.

Samstundes veit vi at kommunen har hatt lite ressursar på planavdelinga i denne perioden. Skal vi krevje at regelverket om tidsbruk skal følgjast til punkt og prikke i alle samanhengar, vil kommunen (formelt) måtte gjere grep i høve dette, ved t.d å tilskrive oss om at Sosi-fil ikkje vart sendt før 12.august gjer at planen ikkje kunne reknast komplett før. Dette vil etter vårt syn medføre at alle partar lyt passe ekstra på "sine saker/forhold" kring dette, dette vil medføre ekstra ressursar, som igjen kan gå utover framdrift, samt moglegheit for dialog og samarbeid.

I den nemnde forskrifta §3 vert det og lagt opp moglegheit for omforeint forlenging av tidsfristen på 12 veker. Kommunen har ikkje formelt tatt dette opp med oss, men ei slik henvending ville truleg blitt akseptert frå vår side, i alle fall innan ei rimeleg tid.

Med dette som grunnlag søkjer vi ein reduksjon i høve 2,5 veker altså 25% tilsvarande kr. 42.500,-

Med helsing



Kjell A. Reigstad

Sommerro Panorama as.